

Sogn Jord- og Hagebruksskule
Skulevegen 24
5745 AURLAND

Oppdragsbrev til kompetanse nettverket i Vest-Norge frå Vestland fylkeskommune

Frå 1. januar 2020 fekk Vestland fylkeskommune oppdragsgjevar ansvar for Kompetansenettverket i Vest-Norge. Kompetansenettverket i Vest-Norge dekker Vestland fylke. Kompetansenettverksordninga for lokalmat er finansierast over Landbrukets utviklingsfond og er ein del av jordbruksoppgjeret. Nasjonalt er satt av 14 mill. kroner for 2020 til kompetansenettverka. Fylkeskommunane skal koordinere tilbodet frå kompetansenettverka med andre tenester frå kompetansetilbydarar nasjonalt og regionalt, og sikre et godt samspel mellom partnerskapa i utforming av tilbod.

Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar også omfattast av ordninga. Utover det matfaglege tilbodet frå kompetansenettverka, blir det ytt hjelp til å løyse marknadsutfordringa gjennom Matmerk sitt tilbod innan marknadstenester. Sogn Jord- og Hagebruksskule driftar Kompetansenettverket i Vest-Norge.

Oppdraget

Oppdraget er forankra i vedtak frå hovudutval for næring, naturressurs og innovasjon si handsaming av Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 den 13.februar 2020 (PS5/20). Kompetansenettverket i Vest-Norge kan bidra til å nå målet i Handlingsplan for landbruk i Vestland om å *'auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng'* er satt som viktig område for å styrke Vestlands landbruket.' Lokalmatprodusentar i heile fylket, både etablerte og nystarta, bør ha tilgang til det dei treng av kunnskap, kompetanse og nettverk. Det er også sentralt at kompetansenettverket mobiliserer nye aktørar. Deltakarar som har mål om næringsverksemd skal prioriterast som deltakar på dei ulike kursa. Det er viktig å gje tilgang til gode kurstilbod i heile regionen.

Styringsgruppe

Det har vore ei styringsgruppe for arbeidet med Kompetansenettverket i Vest-Norge med representantar frå Innovasjon Norge, fylkesmannen og produsentar. Oppdragsbrevet frå LMD seier at den ansvarleg fylkeskommunen sjølv vurderer om det er ønskeleg å vidareføre regionale styringsgrupper. Vestland fylkeskommune ynskjer å vidareføre styringsgruppa og fylkeskommunen går inn som leiar av gruppa.

Oppgåva til styringsgruppa er vedta årleg handlingsplan for nettverket sitt arbeid. Handlingsplanen skal vere forankra i ei heilskapleg vurdering av behov og alternative tilbod i regionen. Styringsgruppa skal bidra til å at nettverket sitt arbeid blir gjort kjent i regionen og bidra til at alle tilgjengelege verkemidlar i regionen vert utnytta til beste for dei bedrifter som er kompetansenettverket si målgruppe. Oppgåva til styret er å prioritere rett kompetanse inn til desse bedriftene slik at dei lukkast.

Godkjente kostnader

Godkjente kostnader er basert på Handlingsplan for 2020 for Kompetansenettverket i Vest-Norge som vart lagt fram for styringsgruppa den 25.mars 2020. Handlingsplanen legg opp til ca. 30 enkeltbesøk hos omtrent 30 bedrifter. Det er planlagt 11-13 kurstiltak med over 600 undervisningstimar for 2020. Administrasjon av Kompetansenettverket i Vest-Norge vert organisert ved at det er tilsett dagleg leiar i 50% stilling. Økonomi og rekneskap vert ført av ressursenteret ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Dagleg leiar har ansvar for å sette i gang og følge opp kurs og administrera besøksordninga.

Etter at restriksjonane knytt til korona slo inn den 12. mars, er veldig mange av bedriftene i målgruppa hamna i ein vanskeleg situasjon. Over natta har situasjon endra seg frå underdekning på lokalmat, til full stopp eller sterkt redusert etterspurnad. Det er behov for å drive aktiv innhenting av informasjon frå bedriftene for å kartlegge deira behov. På bakgrunn av kartlagde behov kan kompetansenettverket tilpasse sitt tilbod og legge til rette for å møte nye behov. Vestland fylkeskommune gir ei ekstra bevilling på 60 000,- kr for 2020 for å dekke auka administrative kostnader knytt til korona arbeidet.

Budsjett for kompetansenettverk i Vest-Norge 2020	
Tiltak	Kostnad
Administrasjon	537 000
Besøksordning	675 000
Kurs	1 033 000
Dekke underskot frå 2019/2018	187 434
Korona relatert ekstra løyving	60 000
Totalt	2 492 434

Det vil for 2020 bli overført 2 492 434 kroner til Sogn Jord- og Hagebruksskule for å gjennomføre Handlingsplan for 2020 for Kompetansenettverket i Vest-Norge. Sogn Jord- og Hagebruksskule kan be om å få utbetalt 75% nå og 25% når rapport og rekneskap for 2020 er levert. For å be om utbetaling sender de internfaktura gjennom Visma, bruk eOrdre. Legg ved dette brevet som fakturagrunnlag. Bruk tilsettnummer 23739 i feltet kontaktinformasjon.

Rapportering og rekneskap

Det skal rapporterast skriftleg til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Innovasjon og næringsutvikling innan 31.01.2021. Rapporten skal innehalde informasjon om verksemda i kompetansenettverket, inkludert informasjon om dei ulike formane for matfagleg tilbod i form av besøksordning og kurs. Rapporten skal også vurdere resultatane og aktivitetane i kompetansenettverka opp mot nasjonale og regionale mål for næringsutvikling innan lokalmatområdet, med særskilt vekt på effektane for mobilisering av nye aktørar. Rekneskap for 2020 som er godkjent av autorisert rekneskapsfører skal ligge ved den skriftlege rapporten.

Vi ynskjer dykk lykke til med arbeidet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift